

SØKNAD OM ØKONOMISK STØTTE FOR LANDBRUKSRELATERTE SØKNADER FRÅ UTVIKLINGSFONDET I RINGEBU KOMMUNE

RYDDING AV NYTT INNMARKSBEITE

Kriterier:

Ringebu kommune vedtok i K-sak 054/12 med endringer vedtatt i K-sak 011/19 å gi støtte frå utviklingsfondet til mindre tiltak i landbruket. Ordninga skal ikkje gi tilskot til tiltak som får støtte frå andre offentlege ordningar i jordbruket. Det gjeld både prosjektstøtte, som investering og bedriftsutviklingsmidlar (IBU) og spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL) og driftsstøtte som produksjonstilskot (PT).

Minste utbetaling er kr 5 500 i tilskot for ordning 1 (nydyrking) og ordning 4 (rydding av innmarksbeite). For ordning 3 (kjøp av mjølkekvote) er det ikkje nedre grense for utbetaling. For å kunne søke om støtte i denne ordninga må søkaren også søke produksjonstilskot. Omfattar søknaden areal som søkaren ikkje eig, må han/ho legge fram avtale mellom seg og eigaren.

Ordning nr 4:

Tilskot til rydding av nytt innmarksbeite med kr 550 pr. daa og maksimalt kr 22 000 pr. søkar pr. år (min 0 daa, maks 40 daa). Søknad om tilskot må sendast før tiltaket blir sett i gang. Søknaden må innehalde ein plan med kart over området ein planlegg å rydde.

Kommunen vil være restriktiv med å gi tilskot til areal på fattig mark. Yngve Rekdal: «Skjøtsel av fjellbjørkeskog for husdyrbeite» side 9 er ein god veileder (www.nibio.no).

Alle arealtyper skal vurderast for tilskott.

Gjelder arealet nyingjerding av større skog- og utmarksteiger, bør grunneigar ta opp saka i eige grunneigarlag slik at andre rettshavarar kan kome med innspel.

Ryddinga må ikkje vere i strid med anna lovverk, t.d.verneforskrifter. Tiltaket får ikkje støtte gjennom SMIL-ordninga. Beitearealet skal vere ferdig rydda, dvs. kvist og hogstavfall må vere fjerna eller samla i haugar. Beitet må vere rydda og inngjerda før tilskotet blir betalt ut.

Etter at arealet er rydda til beite, må arealet ha et visst beitetrykk slik at arealet etter kvart kan bli klassifisert som innmarksbeite.

Tiltakshaver er sjølv ansvarleg for dei tiltaka som blir sett i verk. Det blir ikkje gitt tilskot til arbeid som er sett i gang eller ferdig utført før søknaden er behandla.

Søknadsfristen er 15. mars 2020

Administrasjonen forbereder sakene, formannskapet i Ringebu fattar vedtak og kommunal klagenemd i Ringebu er ankeinstans for denne ordninga.

Innvilga tiltak har ein frist på tre år for ferdigstilling. Tiltakshavar kan søke utsetjing i inntil to år. Administrasjonen behandlar utsettingssøknader.

SØKNAD OM TILSKUDD TIL RYDDING AV NYTT INNMARKSBEITE 2020

Søkerens navn

Adresse Gnr/bnr (omsøkt eiendom)

Tlf E-post

Organisasjonsnr Bankkontonr

Arbeidsbeskrivelse:

.....
.....
.....
.....
.....
.....

Søker om tilskudd til daa rydding av innmarksbeite.

Sted/dato Underskrift

Vedlegg

1. Kart M 1:5000
2. Avtale med grunneier (leiejord)

Søknaden sendes til:
Midt-Gudbrandsdal landbrukskontor
Kommunevegen 1
2647 SØR-FRON